



Arkivnr: 2014/10930-2

Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

## Vestlandsrådet - Revisjon av politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter

### Samandrag

Samarbeidet i Vestlandsrådet er regulert av eigne vedtekter, av ei samarbeidsavtale og av ein politisk plattform. Arbeidsutvalet til Vestlandsrådet (AU) har etter ei omfattande prosess i Vestlandsrådet gjort framlegg om endringar i desse dokumenta, og sendt dette til uttale i dei fire fylkesutvala.

Viktige endringar er at rolla til AU blir styrkt ved at dei får ein langt meir sentral oppgåve i å setje dagsorden, vere eit beredskapsorgan for Vestlandsrådet, og å ha ansvar for å fastsetje rammer og program for møta.

Vidare er den politiske plattforma vesentleg revidert med sikte på å «spisse» saksportefølja til Vestlandsrådet. Det er her skilt mellom fem område etter tema og arbeidsmetodikk: samferdsle, fellesprosjekt, felles oppgåveløysing, politisk beredskap og internasjonalt arbeid. Den politiske beredskapsrolla er framheva som sentral for det vidare arbeidet, og vil gje større rom for å gripe aktuelle saker som i utgangspunktet ikkje er omtala i den politiske plattforma

Etter at alle fylkeskommunane har hatt ei politisk behandling av dei tre grunnlagsdokumenta for Vestlandsrådet, vil innstillinge fylkesrådmann legge desse fram for endeleg behandling i rådet med fylkeskommunane si behandling.

## Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget til revidert politisk plattform for Vestlandsrådet, samarbeidsavtalen mellom dei fire fylkeskommunane og vedtekten for rådet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.02.2014**

### Bakgrunn

Vestlandsrådet vart oppretta i 2003, og er eit politisk samarbeidsorgan mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. Samarbeidet i Vestlandsrådet er regulert av eigne vedtekter, av ei samarbeidsavtale og av ein politisk plattform. Arbeidsutvalet til Vestlandsrådet (AU) har gjort framlegg om endringar i desse dokumenta, og sendt dette til uttale i dei fire fylkesutvala.

Gjeldande politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter ligg på [www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no). Reviderte utkast følgjer vedlagt.

### Tidlegare politisk handsaming

Det vart utarbeida ein ny politisk plattform for Vestlandsrådets arbeid som vart vedteke av Vestlandsrådet 22.10.2012. Alle dei fire fylkeskommunane slutta seg til plattforma (jf. FUV-sak 109/12):

Satsingsområda som vart vedtatt i denne strategien vart:

- Samferdsel
- Påverke rammevilkåra for viktige næringer for Vestlandet
- Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet
- Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom

På initiativ frå leiari i Vestlandsrådet, vart det i møte i Loen 13-14. mai lagt opp til ei drøfting av korleis Vestlandsrådet skulle følgje opp politisk plattform. Det vart gjort slikt vedtak:

*«Administrasjonen bes om å komme med innspill hvordan Vestlandsrådet skal jobbe videre til neste møte.»*

På dette grunnlag vart det lagt fram ei sak til møte i Vestlandsrådet 16. september. Det vart gjort slikt vedtak:

*«Saken utsettes. AU lager en sak med forslag til mulige veier for Vestlandsrådet til møtet 03.12.13 på bakgrunn fra diskusjon i egne fylker.»*

Det vart etter drøftingar i AU lagt fram ei sak til Vestlandsrådet 3. desember «Vestlandsrådet – Organisering og arbeidsform». Det vart gjort slikt vedtak i saka:

*«Sett i lys av mange felles muligheter for utvikling, vil Vestlandsrådet halde fram og fornye samarbeidet mellom dei fire Vestlandsfylka.*

1. *Vestlandsrådet held minst 3 møte per år. Vestlandsrådet unngår å leggje sine møte tett opp mot sommarferien og i desember månad.*
2. *Eitt av møta vert over to dagar, der dag 1 vert nytta til orienteringar innan saksområda som Vestlandsrådet arbeider med. Her er det særleg viktig å få fram lokale og regionale perspektiv. Dag 2 vert sett av til saksbehandling og plenumsdebatt.*
3. *Arbeidsutvalet (AU) skal ha som hovudoppgåve og setje dagsorden for Vestlandsrådet sitt arbeid, herunder fungere som eit politisk beredskapsorgan for dei fire vestlandsfylka. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for vestlandsfylka. Dette inneber også å ta initiativ til fellesmøte mellom representantar frå regjeringa/Stortinget og Vestlandsrådet.*
4. *Arbeidsutvalet (AU) fastset rammer og program for møta i Vestlandsrådet, og har eit særskilt ansvar for å organisere rådet sine todagarssamlingar.*
5. *Arbeidsutvalet (AU) planlegg minimum 8 møte per år. AU nyttar eksisterande arenaer og møteplassar for sine møte når dette er føremålstenleg.*
6. *Leiaren for Vestlandsrådet har ansvar for å planlegge, organisere og leie AU-møta.*
7. *Storbystane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett.*

8. Det vert utarbeidd eit «årshjul» som visualiserer årlege og periodiske saker og prosessar som Vestlandsrådet og AU arbeider fram mot.
9. I lys av vedtakspunkta over bør samarbeidsavtalen og vedtekten for Vestlandsrådet vurderast og presiserast. Dette skjer opp mot Vestlandsrådet sitt første møte i 2014.
10. Gjeldande politiske plattform for 2012-2015 vert revidert og lagt fram for Vestlandsrådet sitt første møte i 2014. Jf. fylkesrådmannen si saksutgreiing.»

I møte i AU for 22. januar 2014, vart det gjort slikt vedtak:

*"Vestlandsrådets politiske plattform, samarbeidsavtale og vedtekter til behandling i Fylkesutvalget"*

Ut i frå dette er politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter sendt til dei fire fylkeskommunane til behandling i fylkesutvala.

### **Endringsframlegg**

Det er nedanfor gjort greie for viktige endringar i dei tre dokumenta.

#### **Vedtekter**

Det er gjort framlegg om noen endringar i vedtekten for Vestlandsrådet:

- § 8 er endra frå at det *som hovudregel skal haldast minst to møter i halvåret*, til at *det skal haldast minst tre møter i året*.
- I § 9 staden for at sekretariatet *blir leiar av ein sekretariatsleiar*, er dette endra til: *Sekretariatet er set saman av eit medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane og blir leia av ein dagleg leiar. Medlemmene av sekretariatet er sekretariatsleiarens «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane*
- Vidare er det i § 9 gjort ei endring om at fylkesrådmennene i dei deltagande fylkeskommunane *deltek i saksførebuinga*, i staden for *er sekretariat*.

Elles er det gjort mindre redaksjonelle endringar og presiseringar i vedtekten.

### **Samarbeidsavtale**

Det er gjort noen endringar i samarbeidsavtalen mellom fylkene:

- Det er lagt inn i samarbeidsavtalen at det skal vere to møte over to dagar, og eit møte over to dagar. Det siste skal nyttast til orienteringar om viktige saksområde som Vestlandsrådet arbeidar med.
- Det er lagt inn at AU skal fastsette rammer og program for møte i Vestlandsrådet.
- Når det gjeld satsingsområde for samarbeidet, er maritim verdiskaping samt Energi og miljø teke ut, og for kultur er det presisert at det gjelder kor det finnast klare fellesinteresser.

Elles er det gjort mindre endringar av redaksjonell karakter i samarbeidsavtala.

### **Politisk plattform.**

Den politiske plattforma er i stor grad endra med sikte forenkling og tydeleggjering. I den reviderte politiske plattforma skil AU særleg mellom fem område etter tema og arbeidsmetodikk: samferdsle, fellesprosjekt, felles oppgåveløysing, politisk beredskap og internasjonalt arbeid. Det blir teke sikte på å revidere den politiske plattforma ved starten av kvar valperiode.

- Samferdsle: Vestlandsrådet har tidlegare hatt stort fokus på utfordringane innan samferdsleområdet på Vestlandet. Det vert rådd til at rådet arbeider vidare med aktuelle saker knytte til dette saksområdet.
- Fellesprosjekt: Vestlandsrådet definerer ein del politiske prosjekt som det skal arbeidast med på ein systematisk måte. Fokus vil her bli retta mot politikkutforming og korleis

fylkeskommunane i fellesskap skal få sett viktige saker på dagsorden. Kva fellesprosjekt som det vert arbeidd med over tid, kan variere.

- Felles oppgåveløysing: Dei fire fylkeskommunane har eit betydeleg politisk handlingsrom knytt til sine ansvarsområde. Gjennom systematisk erfaringsutveksling og eit utvida samarbeid skal fylkeskommunane finne fram til modellar for ei effektiv oppgåveløysing og meir samordna tenester retta mot innbyggjarane.
- Politisk beredskap: Vestlandsrådet skal, særleg gjennom AU, ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt.
- Internasjonalt arbeid: Det er her nemnt særleg politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC) og arbeid knytt mot Nordsjøregionen. Vidare Europapolitisk forum som er eit kontaktorgan mellom kommunesektoren og sentrale styresmakter i europaspørsmål.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Vestlandsrådet har hatt ei omfattande prosess med å vurdere plattform, samarbeidsavtale og endra vedtekter. Det er her særleg grunn til å peike på at AU får ein langt meir sentral oppgåve i å setje dagsorden, vere eit beredskapsorgan for Vestlandsrådet, og å ha ansvar for å fastsetje rammer og program for møta.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det har vore ei målsetting å i noka grad «spisse» saksporteføljen til Vestlandsrådet gjennom den reviderte politiske plattforma. Når den politiske beredskapsrolla er framheva som sentral for det vidare arbeidet, vil dette gje eit større rom for å gripe aktuelle saker som i utgangspunktet ikkje er omtala i den politiske plattforma.

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at særleg AU har ein slik fleksibilitet i utøvinga av rolla som politisk beredskapsorgan.

Når alle fylkeskommunane har hatt ei politisk behandling av dei tre grunnlagsdokumenta for Vestlandsrådet, vil innstillinge fylkesrådmann legge desse fram for endeleg behandling i rådet med fylkeskommunane si behandling.